

NVE-Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Ulvik 13.10.14

Fråsegn til søknad om konsesjon for overføring av Våtekleivbekkane på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk i Eidfjord

Ulvik Sportsfiskarlag er eit lag under Norges jeger og fisk. Me arbeider på dugnad med kultivering og forbetrande tiltak for anadrom villfisk. Me har gått kurs med svært dyktige forskarar frå UNI miljø fra Bergen og fått god kunnskap om korleis best tilrettelegga for villfisken, og då spesielt Sjøauren som me har mest av her i Ulvik. Me uttalar oss om den anadrome strekninga i Nordøla der desse bekkane bidrar til viktig vannføring spesielt ved tørre år.

Det seier seg sjølv at eit allereie kraftig utnytta vassdrag ca 45 % vil med nye ca 4 % reduksjon få eit betydeleg stort tap av laks og sjøaure.

Særs viktig er det og få med seg at i nedre deler av Nordøla ved samløpet til Austdøla sprer vatnet seg utover eit stort areal, noko som gir svært grunne område som vanskelegjer oppvandringa for gytefisk. Dette kan eg ikkje finna er teke med i rapporten frå Rådgivande Biologer. I samme rapport er og samlede vurdering av tilstanden til Nordøla konkludert med "moderat" eller "god". Dette meiner me er feil basert på dei siste 10 års gytefisk tellingar og kanskje heller ein måte og blidgjera oppdragsgjevar på. Kan og ta med at det er observert ål i vassdraget som dei hevdar dei ikkje kan sjå grunn til og tru skal finnast.

Tellingar gjennom mange år, viser oss historiske låge tal gytefisk. Enkelt fortalt har det aldri stått verre til med vassdraga våre.

Konklusjonen til Rådgivande Biologer burde difor ha vore "dårleg", og med ei eventuell utbygging vil det om mogleg bli forverra. Dette er ikkje påstander frå oss i Ulvik Sportsfiskarlag men faktabasert kunnskap frå mange års forskning i Vassdraget. I 2006 vart det ikkje funne meir enn 27 gytefisk av Uni Miljø. Dei siste åra ligg det på rundt 100 til 200 fisk på ei anadrom strekning som burde hatt minst 1000 gytefisk.

Vil og minna om at villfisken i Hardangerfjorden er so kraftig redusert at nyare data viser at om ikkje betring skjer kan all villfisk vera borte om kortare enn ti år. Sjøauren og villaksen har og vore totalfreda og freda i periodar i mange år i Hardangerfjorden. Me kan difor ikkje tillata oss og bidra til ei meir redusert villfiskstamme.

Vil håpa at NVE forstår alvoret i og tillata utbyggjar og påføra eit kraftig øydelagt vassdrag endå meir utfordringar.

Med beste helsing

Per Morten Tjoflot Ådland

Ulvik Sportsfiskarlag